

Læreplan i arkitektur og samfunn – valfritt programfag i utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 12. januar 2016 etter delegasjon i brev 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2017

Føremål

Arkitektur og samfunn skal leggje grunnlaget for auka kunnskap om dei bygde omgivnadene i eit notidig, historisk og framtidretta perspektiv. Kunnskap om påverknad frå arkitekturen på natur, landskap og klima er viktig for å løyse utfordringar knytte til busetjing, urbanitet og miljø. Arkitekturen speglar kulturelle verdiar og haldningar på lokalt og globalt nivå og er ein del av den kulturelle allmenndanninga.

Opplæringa skal fremje kunnskap om arkitektur i eit samfunns-perspektiv og utvikle elevens kompetanse for å kunne vurdere arkitektur ut frå krav til stadtilpassing og funksjonsbehov. Ho skal òg medverke til auka kunnskap om berekraftige løysingar når det gjeld materialval og ressursutnytting. Gjennom arbeid med modellar og teikning skal eleven utvikle praktiske ferdigheiter og fagleg innsikt knytte til konstruksjon, og trene evna til å vurdere utforming ut frå kriterium.

Opplæringa skal leggje til rette for opplevingar, analysar og utforskande arbeid. Både gjennom samarbeid og i individuelt arbeid skal det leggjast til rette for problemløysande prosessar. Tverrfagleg arbeid og entreprenørskap skal stimulere til idéutvikling, kreativitet og kritisk vurdering i utarbeidinga av ulike løysingsforslag.

Struktur

Programfaget er strukturert i hovudområde som det er formulert kompetansemål for. Hovudområda utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng.

Oversikt over hovudområda:

Programfag	Hovudområde		
Arkitektur og samfunn	By- og stadutvikling	Form, teknologi og funksjon	Miljø og klima

Hovudområde

By- og stadutvikling

Hovudområdet handlar om utforming av stader og byar og om karakter, utvikling og utfordringar ved dei menneskeskapte omgivnadene. Hovudområdet tek opp arkitekturen si tilpassing til natur og landskap. Samspelet mellom stad, omgivnader og livet til menneska inngår. Historie, analysar av staden og funksjonsbehov høyrer også med. Bygging av modellar og visualisering av idear inngår i hovudområdet.

Form, teknologi og funksjon

Hovudområdet omfattar utforming, teknologi og historie til dei bygde omgivnadene. Utforsking av rom, vurdering av funksjonskrav og utvikling av konstruksjonar i ulike materiale høyrer med. Teikning, modellbygging i målestokk og bruk av digitale verktøy til visualisering av prosjekt inngår i hovudområdet.

Miljø og klima

Hovudområdet handlar om dei menneskeskapte fysiske omgivnadene i eit natur- og miljøperspektiv. Berekraftige løysingar som svar på globale miljøproblem og konsekvensar av klimaendringane for eksisterande og ny arkitektur står sentralt. Teikning og bruk av digitale verktøy for visualisering av prosjekt høyrer med til hovudområdet.

Timetal

Timetal er oppgitt i einingar på 60 minutt.

Arkitektur og samfunn: 140 årstimar

Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I arkitektur og samfunn forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

Munnlege ferdigheiter i arkitektur og samfunn inneber å kunne ta i bruk relevant fagterminologi for å beskrive, analysere og vurdere arkitektur og i presentasjon og drøfting av eige og andre sitt arbeid.

Å kunne skrive i arkitektur og samfunn inneber å kunne kommunisere ved hjelp av tekst, teikn og symbol, gjennom teikningar og modellar, analogt og digitalt. Skriftleg og visuell kompetanse blir utvikla når idear og informasjon blir omsette til teikn og visuelle uttrykk.

Å kunne lese i arkitektur og samfunn inneber å kunne forstå, undersøkje, bruke og reflektere over tekst og visuell informasjon som kart, arbeidsteikningar og fagtekstar. Det betyr å kunne nyttiggjere seg ulike medium, arkiv og bibliotek. Å lese inneber også å kunne analysere og vurdere arkitektur som formuttrykk.

Å kunne rekne i arkitektur og samfunn inneber å kunne uttrykkje storleiksforhold, volum og dimensjonar i arbeid med teikningar og modellar. Arbeid med målestokk, proporsjonar, rom og masse står sentralt. Det å kunne hente informasjon frå tabellar og figurar inngår.

Digitale ferdigheiter i arkitektur og samfunn inneber å kunne ta i bruk digitale verktøy for to- og tredimensjonal visualisering, for bearbeiding og dokumentasjon.

Kompetansemål

Arkitektur og samfunn

By- og stadutvikling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for historia til ein stad og beskrive tilpassing av bustadbygginga til natur og landskap
- gjere greie for veksten av byane og kva dei har hatt å seie i historia

- vurdere muligheter for fysiske endringer innfor eit gitt område og utarbeide forslag til forbetringar
- visualisere arealbruk og infrastruktur gjennom teikning og digitale presentasjonar
- beskrive særpreget til ein stad og byggje modellar tilpassa natur og fysiske omgivnader

Form, teknologi og funksjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- forklare korleis teknologiske nyvinningar og nye byggjeoppgåver har påverka utviklinga av arkitekturen i historia
- visualisere storleikstilhøve og romdanning ved hjelp av menneskekroppen
- utvikle konstruksjonar i ulike materiale
- analysere og vurdere behov for ny utforming av rom ut frå funksjonskrav
- bruke digitale verktøy, teikning og modellar ved studium av rom og kunne diskutere kvalitet og utføring

Miljø og klima

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive og eksemplifisere berekraftige løysingar i arkitekturen
- gjere greie for korleis miljø- og klimautfordringar vil stille nye krav til eksisterande og framtidig utbygging
- visualisere og gjere greie for korleis klimaendringar og vêrfenomen som ekstremvêr, havstiging og flom kan utfordre staden og landskapet
- bruke teikning og digitale verktøy for å belyse lokale miljøutfordringar

Vurdering

Føresegner for sluttvurdering:

Standpunktvrdering

Programfag	Ordning
Arkitektur og samfunn	Elevane skal ha standpunktvrdering

Eksamen for elever

Programfag	Ordning
Arkitektur og samfunn	Elevane kan trekkjast ut til praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Programfag	Ordning
Arkitektur og samfunn	Privatistane skal opp til praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.